



# VALGLØFTET 2023

I 2023 er det val til kommunestyre og fylkesting. Landets ordførarar og folkevalde ser kvar dag kva lokaldemokratiet betyr for innbyggjarane i Noreg. Det sørgjer for berekraftig velferd, forsterkar inkluderinga i arbeids- og samfunnsliv, fremjar ei samfunnsutvikling for ei grøn framtid og gjev innbyggjarane moglegheit til å påverka i saker som angår dei. Dette må vi verna om.

Ei høg demokratisk deltaking er eit kjenneteikn på eit godt demokrati. Vi vil at alle som har noko å seia, skal kunna bli høyrde i framtida. Barn og unge må inspirerast til sjølv å villa påverka og bidra. Demokratiet skal vera for alle. Høg valdeltaking er viktig for å utvikla lokaldemokratiet vidare til beste for innbyggjarane.

Internett og sosiale medium gjev moglegheiter for deltaking i demokratiet. Men det forsterkar også moglegheita for å spreia usann informasjon på ein helt annan måte enn tidlegare. Det kan gje grobotn for hets og truslar mot lokale folkevalde og kan ramma demokratiet ved at enkelte trekk seg frå debatten eller avstår frå å stilla til val. Forsøk på å aktivt spreia desinformasjon kan endra folk si oppfatning av røynda, auka konfliktnivået, eller svekkja tilliten mellom innbyggjarane og til oss folkevalde. Slik verksemd kan vera krevjande å oppdaga. Det er derfor viktig med høg bevisstheit og beredskap for å møta desse utfordringane.

## — **Vi seier nei til:**

Hets, mobbing, trakassering, skjellsord og personangrep.  
Spreiing av usann informasjon.

## — **Vi seier ja til:**

Saklege og sannferdige debattar med god meningsbryting og argumentasjon.

## — **Vi forventar:**

At nasjonale politikarar sjølv er rollemodellar i diskusjonar og debattar.

## — **Vi vil bidra med:**

Alt vi har av kunnskap og krefter for å byggja lokaldemokratiet vidare.  
Opplysande og ansvarsfulle diskusjonar og debattar.

## — **I valgkampen ønskjer vi at:**

Vi behandler kvarandre med respekt, også når vi er ueinige.  
Vi alle jobbar aktivt for at alle stemmar kan bli høyrde.  
Vi viser kvarandre gjensidig tillit.  
Vi jobbar for at flest mogleg vil bruka stemmeretten.  
Vi viser barn og unge kvifor lokaldemokratiet er verdt å kjempa for.

*Gunn Marit Helgesen*